

# **GODTGJERSLE TIL FOLKEVALDE**

**Finnøy kommune**

Vedtatt 15.2.2017 (KST-005/17)

## 1. MØTEPLIKT

Kommunelova § 40 fastslår alminneleg møteplikt for den som er valt som medlem av eit kommunalt folkevalt organ.

Kommunelova § 40 nr. 1 omfattar møteplikt og krav på fri frå arbeidet i det omfang det er nødvendig på grunn av møteplikta i kommunale organ. Den som er valt som medlem av kommunalt eller fylkeskommunalt folkevalt organ, pliktar å delta i organet sine møter, med mindre det føreligg gyldig forfall. Arbeidstakarar har òg rett til permisjon frå sitt arbeid i fire år eller for resten av valperioden for å utføre heiltid- eller deltid kommunalt eller fylkeskommunalt arbeid.

## 2. ÅRLEG GODTGJERSLE

Godtgjersle skal ytast til ordførar, varaordførar og politiske medlemmer av alle faste styre, råd og utval og til medlemmer av utval oppnemnt av kommunestyret, formannskapet eller forvaltningsstyret.

Godtgjersla omfattar alle møter, kurs, konferansar, seminar, representasjon o.l. representanten blir kalla inn til eller pålagt å møta på. Det er ordførar som har fullmakt til å bestemme kva som blir rekna som pålagt i forhold til dette. Det utbetalast ikkje godtgjering for deltaking på gruppemøter.

Fråvær på meir enn 1/3 av møta fører til reduksjon i den faste godtgjersla tilsvarande 50 % av fråværet (50 % fråvær gir 25 % trekk osv). For mykje utbetalt godtgjersle skal betalast tilbake til kommunen.

Dekking av reiseutgifter, barnepass og tapt arbeidsforteneste kjem i tillegg til godtgjersla.

- a) **Ordførar** i 100 % frikjøp får per godtgjersle tilsvarande 85 % av godtgjering til stortingsrepresentant ved inngangen av året. Denne godtgjeringa inkluderer alt politisk arbeid utført i funksjonen som ordførar og medlemskap i kommunestyre, formannskap, nemnder og utval. Godtgjersla til ordførar gjer ikkje rett til feriepengar. Ved skifte av ordførar får ny ordførar godtgjersle frå han/ho tek til som ordførar og avgåande ordførar fram til 31.12 (etterløn).

Ordførar er medlem av pensjonsordninga i KLP. Kilometer- og reisegodtgjersle blir dekkja etter punkt 4 i regelverket. Utgifter til mobiltelefon blir dekkja av kommunen. Andre utgifter blir dekkja etter rekning.

- b) **Varaordførar** skal ha 15 % av ordførar si godtgjersle. Denne godtgjeringa inkluderer alt politisk arbeid utført i funksjonen som varaordførar og

medlemskap i kommunestyre, formannskap, nemnder og utval. Varaordfører får dekka telefonutgifter inntil kr 3 500,- per år.

- c) **Medlemmene i kommunestyre** skal ha 1 % av ordfører si godtgjersle.
- d) **Formannskapsmedlemmene inkludert dei politisk valde medlemmene av administrasjonsutvalet** skal ha 4 % av ordfører si godtgjersle.
- e) **Leiar av forvaltningsstyret** skal ha 10 % av ordfører si godtgjersle. Denne godtgjeringa inkluderer alt politisk arbeid utført i funksjonen som utvalsleiar.
- f) **Medlemmene i forvaltningsstyret** skal ha 4 % av ordfører si godtgjersle.
- g) **Leiar av forhandlingsutvalet** skal ha 3 % av ordfører si godtgjersle.
- h) **Medlemmene i forhandlingsutvalet** skal ha 2,5 % av ordfører si godtgjersle.
- i) **Leiar av kontrollutvalet** skal ha 3 % av ordfører si godtgjersle. Denne godtgjeringa inkluderer alt politisk arbeid ut ført i funksjonen som utvalsleiar.
- j) **Medlemmene i kontrollutvalet** skal ha 1 % av ordfører si godtgjersle.
- k) **Leiar i andre faste eller tidsavgrensa nemnder og utval** skal ha møtegodtgjersle på 0,225 % av ordfører sin godtgjersle per møte, for møte som varar lengre enn tre timar. For møte som varar tre timar, eller kortare er godtgjeringa 0,135 % av ordfører si godtgjering per møte.
- l) **Medlemmene i andre faste eller tidsavgrensa nemnder og utval** skal ha møtegodtgjersle på 0,15 % av ordfører sin godtgjersle per møte, for møte som varar lengre enn tre timar. For møte som varar tre timar, eller kortare er godtgjeringa 0,09 % av ordfører si godtgjering per møte.

### 3. MØTEGODTGJERSLE

- a) Møtande varamedlemmer i nemnder og utval nemnt i punkt c-q skal ha møtegodtgjersle på 0,15 % av ordfører sin godtgjersle per møte, for møte som varar lengre enn 3 timar. For møte som varar tre timar, eller kortare er godtgjeringa 0,09 % av ordfører si godtgjering per møte.

### 4. ERSTATNING FOR UTGIFT OG TAPT ARBEIDSFORTENESTE

For å få dekka utgifter eller tapt arbeidsforteneste, jf. kommunelova § 41 nr. 2, må møtedeltakaren setja fram krav om dette på eige skjema seinast tre månader etter møtet. Erstatning for tapt arbeidsforteneste blir berre utbetalt dersom møtet er lagt til ei slik tid at vedkomande må ta fri frå ordinært arbeid for å delta i møtet.

Refusjon av tapt arbeidsforteneste kan skje direkte mellom kommunen og den folkevalde sin arbeidsgjevar på grunnlag av skriftleg dokumentasjon.

- a) Dokumenterte kostnader til barnepass kan dekkast. Sats er **kr 200,-** per møtetime etter eige skjema.
- b) Erstatning for legitimert tapt arbeidsforteneste<sup>1</sup> kan gis med inntil dagsats for ordførar sin godtgjersle, per 1.1.2017 **kr 3 000,-** per dag for fråvær som varer over 4 timar. For fråvær som varer 4 timar eller mindre er satsen ½ dagsats av ordførar sin godtgjersle, per 1.1.2017 inntil **kr 1 500,-** per møte.
- c) Erstatning for ulegitimert tapt arbeidsforteneste kan gis ¼ av dagsats for ordførar sin godtgjersle, per 1.1.2017 **kr 800,-** per dag for fråvær som varer over 4 timar, og 1/8 av dagsats for ordførar sin godtgjersle, per 1.1.2017 **kr 400,-** for fråvær som varer 4 timar eller mindre.
- d) Dokumenterte utgifter til avløyssar (stedfortreder) kan gis med inntil dagsats for ordførar sin godtgjersle, per 1.1.2017 **kr 3 000,-** per dag for fråvær som varer over 4 timar. For fråvær som varer 4 timar eller mindre er satsen ½ dagsats av ordførar sin godtgjersle, per 1.1.2017 inntil **kr 1 500,-** per møte.

## 5. REISE- OG KOSTUTGIFTER

- a) Reiseutgifter i samband med utføring av vervet blir dekka etter gjeldande satsar frå KS. Det må setjast fram krav om dette på eige skjema seinast tre månader etter møtet.
- b) Folkevalde som midlertidig bur utanfor kommunen (utan å koma inn under kommunelova § 15) kan få reisegodtgjering i samband med møtedeltaking etter avtale i kvart enkelt tilfelle.

## 6. ANNA

- a) Fast godtgjersle blir utbetalt med 1/12 kvar månad.

---

<sup>1</sup> For sjølvstendig næringsdrivande vil kommunen praktisere ordninga slik at det reknast som legitimert tapt arbeidsforteneste når tap av forteneeste er stadfesta av rekneskapsbyrå eller revisor.

- b) Dersom samla godtgjersle overstig 1/3 stilling, skal den folkevalde meldast inn i pensjonsordning hos kommunen sin pensjonsleverandør
- c) Folkevalde med verv tilsvarende 10 % eller meir har krav på sjukepengar. Sjukemelding må då leverast til kommunen.
- d) Rådmannen har fullmakt til å justere satsar for barnepass og tapt arbeidsforteneste i tråd med utviklinga av godtgjeringa til ordførar, avrunda til nærmaste heile hundre kroner. Formannskapet skal orienterast om slik justering.
- e) All godtgjersle er skatt-/oppgåvepliktig, og Finnøy kommune trekk skatt i høve til innhenta skattekort.
- f) Krav på dekning av utgifter eller tapt arbeidsforteneste skal leverast inn minst kvart kvartal.
- g) Rådmannen har fullmakt til å avgjera tvilsspørsmål og stå for den praktiske gjennomføringa av ordninga. Avgjerder kan klagast inn for formannskapet.